



FARGESPRAKANDE: «Fargespill» er ei fargesprakande framsyning både musikalsk og visuelt. Stappfulle hus i Bergen og strålende kritikkar, bør borga for at det også vert trengt om plassane på Vossa Jazz.

FOTO: THOR BRØDRESKIFT

Sterkt fargespel

Etter årets Vossa Jazz kan det lett verta **Badnazzarrangementet «Fargespill»** som kjem til å sitja lengst i minnet.

– Det er ikkje ofte eg har opplevt vaksne menn på første rad grina så tårene renn. Men det har dei gjort på «Fargespill», seier musikaren og komponisten Ole Hamre. Saman med songaren Sissel Saue (frå Voss) og koreografen Hilde Sol Erdal, har han sett saman framsyninga. Ei framsyning som vart tanga til Festspillene i Bergen 2004. Og som vart det best gjesta arrangementet under festspela det året. Og som begge dei to siste åra har fått vera med på den offisielle og høgtidlege festspel-opninga med Kong Harald og Dronning Sonja på heidsplass.

Sidan har framsyninga òg hatt stor suksess, mellom anna på Internasjonal Uke i Bergen. No er det vossingane sin tur.

Kultur møte

«Fargespill» er rett og slett eit møte mellom kultur og rasar, mellom song og dans frå alle kantar av kloden. Hamre, Saue og Erdal har samla mellom 50 og 60 born og unge frå 19 nasjonar. Alle saman elevlar på Nygård skule for innvandrere, der dei går eitt år for å læra norsk – før dei held fram på vanleg norsk skule.

– Me har lært dei nokre av våre songar, og så har dei lært oss songar og dansar frå sine heimland, fortel Hamre. Og alle som har opplevd Ole Hamre og hans faste scenekumpan, Gabriel Fliflet, veit at her vert det musikalsk fest for alle pengane.

Tek til tårene

Det som er md og gjer denne framsyninga til ei så sterk oppleving er vissa om at mange av borna som er med har fryktelege opplevingar i bagasjen. Når dei då likevel kan stå på scena og skina som små soler og framføra sine gledesbodskap – på klingande norsk, eller til og med bergensk – er det ikkje rart at både vaksne menn og andre tek til tårene.

Som når ni år gamle Aline frå Rwanda – på klingande nynorsk – syng: «Å, eg e' ei lita jente som vågar meg, til det framande landet så kommer eg!»

– Eg har aldri fått så mange tilbakemeldingar etter ei framsyning som eg har fått etter denne, seier Ole Hamre. Og tilbakemeldingane er overstrøymande positive.

Viktig

Men musikaren Hamre og hans



SISSEL OG JENTENE: Songar Sissel Saue har med seg born og unge frå 19 nasjonar til konserten i Vossasalen. Desse tre jentene, som fredag var på Ole Bull Akademiet for å læra seg norske folkesongar, kjem frå Liberia, Marokko og Thailand.

medmusikarar er ute i eit anna og minst like viktig ærend med «Fargespill»:

– Dette er antirasisme i praksis. Me vert tuta øyrene fulle av problematikken rundt innvandring og framande kultur. Og det er klart det finst problem. Men difor gjer det så godt å sjå at det finst så mykje godt og positivt i møtet mellom

kultur, i det å bruka song, musikk og dans som brubyggjarar. Folk treng denne typen tilbakemeldingar der generositeten og det gjestmilde rår grunnen, ikkje berre dei harde krava og dei negative haldningane.

NILS KVAMSDAL | tekst
SJUR HERRE | foto
redaksjon@avisa-hordaland.no

Påskekrim for øyra

Med berbar CD-spelar, går du påsken ljost i møte.

Påskekrim er ikkje lenger eit fenomen berre for bokelskarar, fjernsynssjåarar eller radiolyttarar. Utstyrer du deg med ein berbar CD-spelar og fyller sekken med Lydbokforlaget sitt assorterte påskeutval, kan du nyta klassiske



krim- og spenningshistorier både på skituren og i hytta utan straum og innlagt vatn.

Det er frå NRK sitt rikholdige radioteater-arkiv Lydbokforlaget har henta sitt materiale til påskespenninga. Åtte ulike his-



torier gjev forlaget ut no til påske, og det er verkeleg klassikarar innan spenningslitteraturen du kan velja mellom: «Knut Gribb. De henges forbund» av Eirik Ildahl og «Døden går ombord» av Gunnar

Staalesen, «Dickie Dick Dickens i Norge» av Paul Skoe, «Frøken Detektiv og det hemmelighetsfulle loftet» av Carolyn Keene, «Frankenstein» av Mary Shelley, «Vertshuset Jamaica» av Daphne du Maurier, «Den hule mannen» av John Dickson Carr, «Spill med ukjent motiv» av Edith Ranum og «Den siste dansen» av Jan Mehlum.

Til saman representerer desse åtte dramatiseringa eit lite tversnitt av NRK Radioteatret sin krim- og spenningsproduksjon gjennom dei siste 34 åra, med «Vertshuset Jamaica» (1972) som den eldste.

NILS KVAMSDAL | tekst
nk@avisa-hordaland.no



IMPONERTE: 6 år gamle Ragnhild Dymbe (t.v.) synest alt var «ekstra flott». Det same tykte familien Adonaba, med mamma Marianne, pappa Abu, Trym og vesle Tora – som kom eins ærend frå Bergen for å sjå «Fargespill».

Marianne Adonaba og familien såg «Fargespill» i Bergen i fjor. Likevel var Badnajazz-forestillinga hovudårsaka til Vossa-turen laurdag.

«Eg kunne godt ha sett det fleire gonger»

— Det er ei kjempeflott forestilling. Dette er andre gongen eg ser den, og eg kunne godt ha sett den fleire gonger.

SAMAN MED EKTEMANNEN ABU og borna Trym (4) og Tora (5 mnd.) reiste altså Marianne til Voss frå Bergen for å sjå «Fargespill» laurdag. I Vossasalen på Park Hotel Vossevangen fekk dei selskap av fleire hundre andre born og vaksne, som til saman fylte salen til randa. Og familien frå Bergen var ikkje aleine om å lata seg fascinera av det som skjedde på scena.

— Kjempekjekt, er søstrene Ragnhild (6) og Berit (11) Dymbe samde om. Utan heilt å klara å setja ord på kva dei vart mest fascinerte over.

— Alt var ekstra flott, konstaterer Ragnhild.

NOKO ME KAN SEIA OSS SAMDE I, etter å ha sett og høyr 60 born og unge frå heile 19 ulike nasjonar fargeleggja Vossasalen. Med song og dans i ei velregissert ramme, og med stor framføringsglede. På Bergen sin nasjonalsong Nystemten, til dømes, som vart visualisert med alt frå ballett til breakdance.

Den første Fargespill-forestillinga vart laga til Festspillene i Bergen i 2004, av Ole Hamre, Sissel Saue og Hilde Sol Erdal. I

fjor gjentok trioen suksessen, og laurdag tok dei med seg 2005-forestillinga til Voss. Ei forestilling som inneheld song på minst fem ulike språk, mellom anna somalisk, russisk, arabisk, kurdisk og norsk. Og ulike typar dans. Slikt tek tid å øva inn.

— Me brukte eit halvt år, opplyser Ole Hamre.

— Me øvde kvar måndag frå januar til mai.

BÅDE BORNA og mange av ungdommane i forestillinga «Fargespill» er rekrutterte frå Nygård skole i Bergen. Nygård skole er ein av Noreg sine største skular, der størsteparten av elevane er minoritetspråklege. Også mange av dei unge vaksne artistane i forestillinga har bakgrunn frå eller går på norskopplæring på Nygård skole. Det gjeld ikkje Mari Voll Tøsdal, som var vossainnslaget i «Fargespill».

Etter to suksess-forestillingar, er Hamre, Saue og Erdal no i gang med eit tredje «Fargespill».

Den nye forestillinga skal ha premiere i månadsskiftet november/desember.

RAGNHILD D. OLSEN | tekst
VIDAR HERRÉ | foto
redaksjon@avisa-hordaland.no



ASIATISK VRI: Dans kan vera så mykje. Her er det asiatiske smågutar som dansar, med tydelege impulsar frå kampsport innlagt i dansen.



MODIG: «Eg er ei lita jente som vågar meg», song denne modige vesle jenta.



MANGFALD: «Fargespill» inneheldt alt frå ballett til rap og breakdance.

Badnajazzprisen for Gryto-arbeid

VOSS: Badnajazzprisen 2006 gjekk til leiaren av ungdomsklubben Vangsgryto, Berit Midttun.

— Prisvinnaren er ei driftig dame med eit stort hjarta og eit klokt hovud. Desse eigenskapane gjer at miljøet i «Gryto» er svært bra, både for dei unge medlemmene og for dei tilsette. Henar leiareigenskapar og utrøyttetele pågangsmot har gjeve ungdom på Voss ein trygg base og gode høve til utvikling, sa prisutdelar Trude Storheim.

Badnajazzprisen 2006 vart delt ut like før Badnajazzen søndag.

Ungdomsklubben Vangsgryto har sidan starten i 1977 vore ein samlingsstad for born og unge.

I personalet er det medarbeidarar som har vore tilsett i over 20 år, og Midttun sjølv har vore tilsett sidan 1978.

— Ho har sett fleire generasjonar veksa opp, og har slik eit unikt perspektiv på og kunnskap om ungdomsmiljøet på Voss, sa Storheim.

— Årets vinnar har eit unikt engasjement, og er alltid til stades når nokon har behov for ein prat, både om gode og vonde ting. Ho er ei fantastisk flott dame, som sterkt bidreg til at Voss vert ein betre stad å veksa opp. Det er ei ære og glede for meg å kunna tildela Badnajazzprisen 2006 til Berit Midttun.

RAGNHILD D. OLSEN | tekst